

— 16 —

— etter fylgd — til: *ljarta, sjaldan, Skjoldulfr, bjornur* (derav sidan *bjorn, bjorn*).

Noko sidanetter, men fyre 900, kom den ljodlogi upp, som me kallar *u-ljodbrigdet*, og som gjer ein *a* til *ø* (eller *ö*) naar det i stavingi etter kjem ein *u* eller *v*; t. d. *barnu* (fleirtal av *barn*) vart til *born* (no *born*), og *haggeva, hafuð, staðul* vart til: *högga, hofuð* (hovud), *stóðull* (stól, sæter).

Desse merkelege ljodloger finn me i alle norderlandi; men dei vart mest fylgjerett gjennomførde i Norig, og *u-ljodbrigdet* mest i dei vestnorske maalføri (i Gulatinglag, paa Island og Vesterhavsoyarne). Maalet vart etter dette liksom umstøyt: ordi vart stuttare og formerne færre, *i-ljodbrigdet* flutte fram i munnen ei mengd med ljodar, som fyrr laag langt inne, og *u-ljodbrigdet* jamna ut sterke ljodmotsetningar. Med andre ord: talen vart lettare og kvikare enn fyrr; maalet hadde fenge eit anna grunnstøde (*basis*).

So stort maalskifte som dette i vikingtidi hev me ikkje sidan havt i norsk maal.

Her er til slutt nokre prøvor av maalet i innskrifter med den yngre runerekkja; runerne er umbytte med latinske bokstavar:

Stein fraa Dynna, Hadeland:

*gunnur kirfi bru þyrikstutir iftir ostriþi tatar sina su uas mar hanart a hafalandi*, d. e. Gunvor Tryriksdotter gjorde bru etter Astrid dotter si, ho var den hagaste moy paa Hadeland.

Formerne *uas* for *var*, og *mar* for *mær* syner oss at denne innskrifti er gamall.

Stein fraa Skaalevoll, Vanse:

*vanuauk raisti stin oftir okmunt hrabisun var sin*, d. e. Ranveig reiste (denne) stein(en) etter Ogmund Rafnsson, mann(en) sin.